

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	290
Land:	Kina
Kilde:	Landinfo
Titel:	Familieplaneggingspolitikken og kinesiske borgere som får barn i udlandet
Udgivet:	28. februar 2012
Optaget på baggrundsmaterialet:	27. marts 2012

Temanotat

**Kina: Familieplanleggingspolitikken
og kinesiske borgarar som får barn i
utlandet**



Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg sjølvstendig eining innhente og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda og Justis- og beredskapsdepartementet ved ulike høve har behov for kunnskap om for å kunne løyse oppgåvene sine.

Landinfo sine rapportar og temanotat er basert på opplysningar frå både offentlege og ikkje offentlege kjelder. Opplysningane er innsamla og gjennomarbeidde i samsvar med kjeldekritiske standardar. Kjelder som av ulike grunnar ikkje ønsker å bli offentleggjort, vert ikkje nemnd ved namn.

Opplysningane som blir lagt fram i rapportane og temanotata, kan ikkje takas til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør vere i utlendingsforvaltninga si handsaming av søknadar. Landinfo sine rapportar og temanotat er heller ikkje uttrykk for norske styresmakter sitt syn på dei tilhøva og landa som rapportane omhandlar.

© Landinfo 2012

Materialet i denne utgjevinga er omfatta av åndsverklova sine retningslinjer. Uten særskilt avtale med Landinfo er all eksemplarframstilling og distribusjon berre tillatt såframt det er heimla i lov.

Alle kontakt om Landinfos rapportar kan stillas til:

Landinfo
Utlendingsforvaltninga si fageining for landinformasjon

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

Fax: 23 30 90 00

E-post: mail@landinfo.no

www.landinfo.no

Temanotat **Kina: Familieplanleggingspolitikken og kinesiske borgarar som får barn i utlandet**

SUMMARY

The essence of the Chinese family planning policy is that one couple should have one child. In many cases, however, couples can apply to have a second child. Very few people are allowed to even have three.

The policy is statutory in China, and formulated in both national and regional regulations. Along with local implementation, this causes some regional variation.

The legislation applies to all Chinese citizens, often also to those who live abroad. One exception is students who have studied abroad for more than one consecutive year. Another exception can be couples who have lived abroad for a period of time. Citizens who are abroad on shorter trips are not exempt from the legislation.

Couples who return to China with a child outside the quota and who do not qualify for exemption will be sanctioned by the regional legislation in the place where they have their household registration.

The most common sanctions are fines, but degradation or loss of work, confiscation of property or, rarer, forceful physical measures also occur. When the fine is paid (or other sanctions suffered), the child should be registered and also not otherwise discriminated against, but violations occur. There is not always correspondence between legislation and implementation in China, and corruption can also lead to illegal practices.

SAMANDRAG

Den kinesiske familieplanleggingspolitikken har som grunnline at eitt ektepar skal ha eitt barn. Men i mange høve er det mogleg å søke om å få eit barn nummer to. Barn nummer tre vert berre unntaksvis tillate.

Politikken er lovfesta i Kina og skriven ut i både nasjonale og regionale vedtekter. Dette, samt lokal iverksetjing, resulterer i ein del varierende praksis.

Lovverket gjeld for alle kinesiske borgarar, i mange høve også for dei som bur/oppheld seg i utlandet. Eit unntak er studentar som har studert i utlandet i meir enn eitt år samanhengande. Andre unntak gjeld par som har budd utanlands i ei viss tid. Personar som berre er utanlands på kortare reiser, er ikkje fritakne.

Par som kjem attende til Kina med eit barn utanom kvote og utan å kvalifisere til unntak, vil falle innunder sanksjonane i det regionale lovverket der dei er hushalds-registrerte.

Den vanlegaste sanksjonen for brot på lova er bøter, men òg nedgradering eller tap av arbeid, konfiskering av eigedom eller, i sjeldnare tilfelle, tvangsmessige fysiske inngrep inntreff. Når bota er betalt (eller andre sanksjonar er uthalde), skal barnet kunne verte registrert og ikkje seinare verte forskjellsbehandla, men overtramp skjer. I Kina er det ofte manglande samanfall mellom lovtekst og iverksetjing, og korrupsjon kan føre til ulovlege praksisar.

INNHALD

1. Innleiing	5
1.1 Familieplanleggingspolitikken i Kina	5
1.2 Lovheimel og iverksetjing	6
2. Sanksjonar ved brot på familieplanleggings-regelverket i Kina	7
2.1 Kort om sanksjonane generelt	7
2.2 Ulike typar sanksjonar	7
2.2.1 Tvangsmessige tiltak og inngrep	8
2.2.2 Sanksjonar som rammar barn som er fødde utanfor kvote	9
3. Familiar som returnerer til Kina med barn fødde utanom kvote i utlandet	10
3.1 Generelt om regelverket sin gyldigheit for utanlandskinesarar	10
3.2 Tidlegare fråsegner frå andre utlendingsstyresmakter	10
3.3 Moglege unntaksgrunnar frå kvotane i familieplanlegginga	11
3.4 Returnerte asylsøkarar	13
3.5 Regionale føreseigner	13
4. Barn fødde i Hong Kong.....	14
5. Oppsummering.....	14
6. Kjeldemateriale	16

1. INNLEIING

1.1 FAMILIEPLANLEGGINGSPOLITIKKEN I KINA


Den kinesiske familieplanleggingspolitikken vart innført på byrjinga av 1980-tallet for å bremse den raske veksten i befolkninga. I Vesten vert familieplanleggingspolitikken ofte – og noko feilaktig – referert til som ”eittbarnspolitikken”. Den inneber rett nok at eitt barn skal vere hovudregelen, men det finst ei rekkje unntak frå dette. Mange par kan få to barn, og nokre kan til og med få tre.

Informasjonen om kor mange som kan ha meir enn eitt barn, er likevel ikkje eintydig. China Daily, ei statskontrollert kinesisk avis som kjem ut på engelsk, har rapportert at familieplanleggingspolitikken berre avgrensar 35,9 % av befolkninga til eitt barn (Guan 2007). Trass i dette omtalte BBC same år ein uavhengig forskingsrapport som hadde funne at Kina framstilte tala som betre enn dei eigentleg var:

Til dømes kan like over halvparten av befolkninga få to barn om det første er ei jente, men eit par har sjølvsagt like stor sjanse for å få ein gut først. Dette tyder at majoriteten av familiane i praksis er avgrensa til eitt barn. ”Vi finn at 63 % av alle par i Kina kan ende opp med berre eitt barn, 36 % med to barn og berre 1 % med tre eller fleire”, fastslo rapporten. Familieplanleggingsregulverket i Kina er gjerne komplisert og varierar frå region til region, men eitt barn er framleis norma i dei fleste hushald (Bristow 2007, Landinfos omsetjing).

Ønsket om ein son står sterkt mange stader i Kina, kanskje særleg på landsbygda. Moderne fosterdiagnostikk har gjort det mogleg å fastslå kjønnet til fosteret på eit svært tidleg tidspunkt i svangerskapet. Sjølv om dette er forbode (Law on Family Planning 2002, art 35), har det i praksis resultert i mange abortar av jentefostre (sjå lengre ned), noko som igjen har ført til ei skeivfordeling mellom gute- og jentefødsler. Difor er det innført ein regel om at par på landsbygda som først får ei dotter kan søkje om løyve til å få eitt barn til, som oftast etter fire år. Dei som har to døtre, får nokre stader eit ekstra tilskot frå det offentlege.

Etter at den første generasjonen einebarn vart vaksne, har det i nokre byområde vorte innført ein regel om at to einebarn som gifter seg med kvarandre, kan få to barn (Wang 2009a). I tillegg er det mange stader spesielle reglar for dei etniske minoritetane, slik at dei kan få to eller tre barn avhengig av om dei bur i byen eller på landet (U.S. Department of State 2010). Det finst også andre unntak for meir spesielle høve.



Illustrasjon frå BBC (© BBC 2007)

Det vanlege for par som ønsker å få barn nummer to, er at dei søker om dette lokalt, og at dei så får løyve om dei er kvalifiserte. Når Landinfo i dette notatet nyttar

omgrepet "utanom kvote" eller liknande, viser dette til barn som er fødte utan at slik standard prosedyre er følgt. Til dømes vil dette ofte vere høvet for kinesiske borgarar som får barn i utlandet. Tidlegare måtte kinesiske ektepar søke om løyve og til å få sitt første barn, men i dag er det i dei aller fleste høve ikkje lenger naudsynt.

1.2 LOVHEIMEL OG IVERKSETJING

Plikta til å følgje familieplanleggingsregelverket er grunnlovsfesta i Kina. Art. 49, 2. ledd seier at "Både ektemann og kone pliktar å implementere familieplanlegging". Den gjeldande, nasjonale lova om familieplanlegging kom i 2002 (Law on Family Planning 2002). Ho skulle standardisere implementeringa av regjeringas politikk for fødselsavgrensing, men håndhevinga varierer framleis mykje frå stad til stad i Kina (U.S. Department of State 2010).

Dernest har alle einingane på provinsnivå eigne familieplanleggingsforskrifter, og regelverket varierer ein del dei imellom. Kina har 31 administrative einingar på provinsnivå: 22 provinsar, fem autonome regionar og fire byprovinsar (Beijing, Shanghai, Tianjin og Chongqing). I tillegg kjem dei to såkalla "spesielle administrative regionane" Hong Kong og Macau, men dei er ikkje omhandla i dette notatet med mindre så er eksplisitt nemnd.

Vidare delegerer den nasjonale lova iverksetjinga av politikken til "folkeregjeringane på eller over kommunenivå (*xian*)", altså til lokale styresmakter (Law on Family Planning 2002, art 10). Dette opnar og opp for store geografiske variasjonar – Kina har nesten 3000 einingar på kommunenivå.



Illustrasjon frå The Economist. Oversikt over kor familieplanleggingspolitikken praktiseres strengt, middels strengt og meir avslappa (© Economist 2011)

Jonathan Watts (2011), mangeårig Asia-korrespondent i avisa The Guardian, oppsummerar familieplanleggingspolitikken slik: "Retten til å få meir enn eitt barn vert bestemt av eit komplisert sett av reglar som varierer frå provins til provins, og som ofte vert anvend på ulikt vis frå landsby til landsby" (Landinfos omsetjing). Illustrasjonen frå The Economist gir eit svært forenkla bilete av kor i Kina eittbarnspolitikken vert praktisert strengt, middels og mindre strengt (*relaxed*).

Temanotat **Kina: Familieplanleggingspolitikken og kinesiske borgarar som får barn i utlandet**

Tilhøva er generelt sett minst strenge i område med høgt innslag av etniske minoritetar.

2. SANKSJONAR VED BROT PÅ FAMILIEPLANLEGGINGS-REGELVERKET I KINA

2.1 KORT OM SANKSJONANE GENERELT

Den vanlegaste sanksjonen for brot på familieplanleggingsreglane i Kina er ei bot, ei såkalla "sosial kompensasjonsavgift" (*shehui fuyangfei*). Når bota er betalt, skal barnet kunne verte registrert og få helse- og utdanningstenester på lik line med andre barn. Tvangsmessige tiltak som abort og sterilisering er ikkje alltid ulovleg, men skal ikkje setjast i verk utan rettskjenning. I nokre tilfelle, der foreldra nektar eller er ute av stand til å betale bota, kan lokale styresmakter ta beslag i privat eigedom eller treffe andre alternative straffetiltak. Dette har i visse tilfelle opna for overtramp.

2.2 ULIKE TYPAR SANKSJONAR

Den kinesiske familieplanleggingspolitikken tek utgangspunkt i at barn vert fødde innafor ekteskap. Ifølgje U.S. Department of State (2011) er det enno ulovleg i nesten alle provinsar for ei ugift kvinne å føde barn, og dette vert straffa med til dømes bøter. Artikkel 25 i den kinesiske ekteskapslova seier at "barn fødde utanom ekteskap har same rettar som barn fødde i ekteskap. Ingen må skade eller diskriminere dei" (Lov om ekteskap 2001). Likevel krev dette i praksis at ei eventuell bot først er betalt eller at eventuelle andre sanksjonar er oppfylde, elles kan det mellom anna verte vanskeleg å registrere barnet.

Bøter er den vanlegaste sanksjonen, òg mot ektepar som får barn utanom gjeldande kvote. Foreldra til eit ureglementert barn må betale ei "sosial kompensasjonsavgift" som kan beløpe seg til ti gonger paret si årlege inntekt (U.S. Department of State 2011). Storleiken på desse bøtene varierer ein del, ettersom dei er stipulerte i dei regionale reguleringane, men tre gonger den lokale gjennomsnittlege årsinntekta ser ut til å vere ganske vanleg. Om ein tener meir enn gjennomsnittet, får ein betale tre gonger si eiga inntekt i staden. Bota er oftast høgare for barn nummer tre (og over) enn for barn nummer to. Dette gjeld sjølv sagt berre om barna ikkje fell innunder nokre av unntaka som vert eksplisitt nemnd i regelverket.

Andre moglege sanksjonar inkluderer nedgradering eller tap av arbeid, ekskludering frå Kommunistpartiet, og i nokre høve øydelegging eller konfiskering av privat eigedom (U.S. Department of State 2011, Watts 2011). Ein vil òg kunne miste retten til fødselspermisjon og barselspengar, samt til gratis helsestell i barselsperioden (Center for Reproductive Rights 2011, Khan 2011).

U.S. Department of State (2011) hevdar at den nasjonale lova krev at familieplanleggingspersonale skaffar seg rettskjenning (*court approval*) før dei nyttar tvang eller makt, til dømes gjennom arrest eller ved å konfiskere eller øydelegge privat eigedom hos familiar som ikkje kan eller vil betale den sosiale

kompensasjonsavgifta.¹ Ifølgje U.S. Department of State vert likevel ikkje dette påbodet alltid følgt, og nasjonale styresmakter har lita evne (*remained inefficient*) til å hindre overtramp som lokale styresmakter gjer seg skuldige i.

2.2.1 Tvangsmessige tiltak og inngrep

Det har vore rapportert om tvungne abortar og steriliseringar fleire stader i landet (Home Office UK 2011), sjølv om den nasjonale lova (art. 4) seier at offentlege tenestepersonar skal halde seg strengt til lova i gjennomføringa av sitt arbeid, drive sivilisert lovimplementering og ikkje krenke borgaranes legitime rettar. Tvungne inngrep kan likevel skje der lokale styresmakter har satt seg for høge mål. Dette kan til dømes skje der lokale tenestepersonar kan tene på å halde dei lokale fødselstala så låge som mogleg. Gode resultat kan nokre stader auke sjansane for eksempelvis forfremming. Andre stader opnar den lokale forskrifta for tvang. CECC (2010, s. 116) påpeiker at:

Mandatory abortion, which is often referred to as ‘remedial measures’ (bujiu cuoshi) in government reports, is endorsed explicitly as an official policy instrument in the regulations of 18 of China’s 31 provincial-level jurisdictions. In 2010, the Commission found that local officials continued to coerce women with unauthorized pregnancies to undergo abortions in both urban and rural areas across China’s major regions.

Til dømes finst ein slik klausul i Henan-provinsen si familieplanleggingsforskrift (Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan provins 2003). Artikkel 25 i denne lyd:

Ved ei av følgjande handlingar skal det under leiing av familieplanleggingspersonale verte iverksatt avhjelpande tiltak (bujiu cuoshi) for å avslutte svangerskapet:

- 1. Ved utanomekteskapeleg graviditet*
- 2. Om ein allereie har eitt barn og har vorte gravid igjen utan løyve (wu shengyuzheng)*
- 3. Om ein er gravid og har skaffa løyve på urettmessig vis (Landinfos omsetjing)*

Amnesty International (2006) skriv i sin årsrapport for 2006 at lova forbyr slik praksis i Kina,² men at mange kvinner like fullt vert utsette for tvungen abort og sterilisering av lokale styresmakter som viser til strenge familieplanleggingsregler. Freedom House (2011) hevdar at sjølv om tvungen abort og sterilisering beordra av lokale tenestepersonar er sjeldnare no enn tidlegare, skjer det framleis ganske ofte.

Ein av Kinas internasjonalt mest kjende fangar, Chen Guangcheng, vart fengsla etter at han i 2005 forsøkte å gå til kollektivt søksmål mot lokale familieplanleggingsstyresmakter i Shandong-provinsen som hadde stått for tvungne abortar og steriliseringar, trakassering og angrep på kvinner som hadde vorte gravide eller fått

¹ Landinfo går ut frå at U.S. Department of State her siktast til artikkel 41.

² Det har ikkje lukkast Landinfo å finne kva for lovar Amnesty International her siktast til.

barn utanom tildelt kvote. Derimot vart få eller ingen av funksjonærane som hadde stått for overgrepa disiplinerte (Pan 2006). Chen slapp ut av fengsel i 2010, men vart satt direkte i husarrest, der han sit framleis.

Det har òg hend at barn har vorte tekne frå foreldre som ikkje har vore i stand til å betale bota. Dette er ulovleg og skjer truleg svært sjeldan. Når slikt likevel skjer, er det som oftast utført av utru tenarar hos lokale styresmakter som gjer det for å tene pengar på til dømes ulovleg adopsjon (Wang 2009b, Caixin 2011).

2.2.2 Sanksjonar som rammar barn som er fødde utanfor kvote

Lokale styresmakter i Kina vil – på line med den kinesiske sentraladministrasjonen – at sanksjonane skal ramme foreldre som bryt reglane, ikkje barna deira. Så om foreldra betaler bota, skal dei òg få registrere barnet i det kinesiske *hukou*- eller hushaldsregistreringssystemet. Barnet skal deretter ikkje verte behandla annleis enn andre barn.

Mellom anna på grunn av høge bøter, vert enkelte barn ikkje hushaldsregistrerte før fleire år etter fødselen. Desse vil ha vanskar med å få tilgang til offentleg skule og helsestell (CECC 2010). Uregistrerte barn kan ifølge Refugee Review Tribunal (2007b) gå på private skular, men desse krev vanlegvis høge skulepengar som langt frå alle kinesiske foreldre har råd til. Det er òg rapportert om at uregistrerte barn nokre stadar har fått gå på skule utan å betale ekstra gebyr (Refugee Review Tribunal 2007a).

Kinas helsesystem er inne i ein omfattande endringsprosess, men landet har pr. i dag ikkje noko nasjonalt helseforsikringssystem for barn, så i så måte spelar det ifølgje Refugee Review Tribunal (2007b) lita rolle om barna er registrerte eller uregistrerte. Tidlegare ville arbeidseininga (*danwei*) til offentleg tilsette ofte betale delar av dei medisinske utgiftene for barna deira, såframt barna var forskriftsmessig registrerte. Nye reguleringar for offentleg tilsette frå 1998 inkluderte ikkje barn, men regjeringa arbeider no med å få på plass eit nytt helseforsikringssystem som skal dekkje både barn og andre som ikkje er dekkja av det eksisterande systemet i dag. Lokale styresmakter, særleg i rikare område, er i gong med å sette opp lokale helseforsikringssystem for barn som er registrerte der (Library of Congress 2011). Uregistrerte barn fell med andre ord utanom både det gamle og dei nye velferdssystema.

Det er ulike påstandar om graden av utestenging frå offentlege system. Til dømes hevdar U.S. Department of State (2010) at: “Children not registered cannot access public services”, medan Refugee Review Tribunal (2009) hevdar at “[u]nregistered children may be able to access these services but may be required to pay an extra fee”. Slike ulike påstandar kan skyldast ulike lokale tilhøve. Samstundes er Kina eit land med høg førekomst av korrupsjon, og pengar under bordet til offentlege tenestepersonar, lærarar og legar kan gjere det mogleg å integrere ”ulovlege” barn i samfunnet (se t.d. Home Office UK 2011, s. 131). For kinesarar som ikkje er dekkja av ei forsikrings- eller velferdsordning, kan eit lege- eller sjukehusbesøk vere svært kostbart.

CRC (2005) er “concerned about discrimination against certain groups on the mainland, such as [...] internal migrant children”. Komiteen nemner ikkje eksplisitt

uregistrerte barn eller barn fødd utom kvote, men tilrår Kina å styrke forsøka på å sikre at barn av interne migrantar har lik tilgang til grunnleggjande tenester innan helse, utdanning og andre område. Det som gjeld migrantbarn, gjeld ofte òg uregistrerte barn, nettopp fordi begge grupper er uregistrerte, anten i det heile tatt eller der dei bur til vanleg.

Ifølge U.S. Department of State (2011) finst det ikkje tilgjengelege data om talet på uregistrerte fødselar i Kina, men kanadisk utlendingsforvaltning (IRB 2007) anslår at talet på uregistrerte barn i Kina utgjer fleire millionar.

3. FAMILIAR SOM RETURNERER TIL KINA MED BARN FØDDE UTANOM KVOTE I UTLANDET

3.1 GENERELT OM REGELVERKET SIN GYLDIGHEIT FOR UTANLANDSKINESARAR

I utgangspunktet gjeld familieplanleggingslovgivinga for alle kinesiske borgarar, òg for dei som bur kortare eller lengre periodar i utlandet, men det finst spesifikke unntak for desse borgarane – anten i nasjonalt lovverk eller i enkelte regionale forskrifter. Såleis kan visse typar personar returnere med i alle fall eitt barn ”for mykje” utan å måtte betale store bøter eller på anna vis verte ramma av sanksjonar.

Dette gjeld likevel ikkje alle slags utanlandskinesarar. Studentar står i ei særstilling – dei vert ikkje reikna som ”utanlandskinesarar”, men vert likevel ikkje straffa om dei kjem attende med eit barn utanom kvote. Andre kinesiske borgarar busett i utlandet må ha hatt forskriftsmessig fast bustad der for å kvalifisere til ein fritaksgrunn.

Minstekravet for å kome innunder unntaksreglane, er antakeleg at ein må ha forlatt Kina på lovleg vis, og at utanlandsopphaldet likeeins må ha vore lovleg og forskriftsmessig registrert i det aktuelle landet. Dertil bør føremålet med utanlandsopphaldet vere definert i ein eksplisitt fritaksregel. Utanlandsopphaldet til heimvende tidlegare asylsøkarar ser ikkje ut til i seg sjølv å telje.

For å finne ut kva som gjeld i eit spesifikt høve, vil ein difor ofte måtte sjekke lovverket i den aktuelle provinsen og kanskje òg praksis på lokalplan. Implementeringsgraden varierar både mellom og innan provinsar.

3.2 TIDLEGARE FRÅSEGNER FRÅ ANDRE UTLENDINGSSTYRESMAKTER

Også andre utlendingsstyresmakter har freista å svare på spørsmålet om barn fødde i utlandet og utanom kvote vert omfatta av Kina sitt familieplanleggingslovverk. Det irske Refugee Documentation Centre (2010) har uttalt det ikkje finst nyare informasjon om dette, men senteret siterer ein seminarrapport frå 2005 der ein ’kinaekspert’ hevdar at kinesiske par som bur utanlands ikkje er bundne av eittbarnspolitikken, og at kinesiske borgarar som studerer eller arbeider i utlandet såleis kan returnere med meir enn eitt barn utan å få alvorlege problem.

Ein rapport frå kanadiske IRB frå 2009 siterer likeeins ein antropolog som hevdar at barn fødd utanfor Kina stort sett vert tilgjeve (IRB 2009).

Desse to påstandane er ikkje heilt i samsvar. Den første seier at kinesarar som bur i utlandet ikkje er bundne av familieplanleggingspolitikken. Den sistnemnde indikerer at lova òg gjeld for kinesiske borgarar i utlandet, men at det vert sett gjennom fingrane med reglane. At lova òg gjeld for kinesarar i utlandet vert underbygd av Refugee Review Tribunal (2007b):

Second children born overseas who have returned to China are Chinese nationals if they have not acquired foreign citizenship, and are therefore still subject to the family-planning policy (Landinfos utheving).

Dette er altså ganske uklårt, men dei fleste vurderingane og føresegnene Landinfo har funne, tyder på at lova i utgangspunktet gjeld for alle kinesiske borgarar, men at det altså somme stader vert gjort unntak for familiar som har opphalde seg utanlands ein viss periode. Del 3.3 omtalar døme på dette.

3.3 MOGLEGE UNNTAKSGRUNNAR FRÅ KVOTANE I FAMILIEPLANLEGGINGA

Nokre spørsmål og svar om barneavgrensning i samband med ulike typar utanlandsopphald finst på nettsidene til Quanguo guiguo huaqiao lianhehui (*Det all-kinesiske forbundet for returnerte utanlandskinesarar*, heretter Guiqiaolian), ein halvstatleg organisasjon for heimvende utanlandskinesarar. Organisasjonen ser ut til å svare utelukkande basert på nasjonale lovføresegner. Han vurderer ikkje korleis desse vert omskrive i regionale reguleringar eller praktisert lokalt. Her følgjer eit utval av spørsmåla:

Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for utanlandsstudentar?
Svar: Ifølgje Den nasjonale familieplanleggingskomitéen si ”Forskrift om utanlandsstudentar sin fertilitet” (*Chuguo liuxue ren yuan shengyu wenti guiding*) gjeld følgjande:

- 1) Utanlandsstudentar bør følgje Folkerepublikken Kina si befolknings- og familieplanleggingslov og tilhørande lovar og reglar, også i den tida dei oppheld seg utanlands. Aktuelle studie- og arbeidseiningar bør opplyse sine utanlandsstudentar om dette.
- 2) Om eit ektepar studerer i utlandet samanhengande i meir enn eitt år, og i løpet av den tida får barn eller vert gravide i strid med Kinas lover om familieplanlegging, så skal dette ikkje verte reikna [som eit lovbrøt], sjølv om paret returnerer til Kina med eit barn nummer to.
- 3) Barn som utanlandsstudentar får medan dei er i utlandet, og som ikkje vert med tilbake til Kina, skal ikkje telje med i samband med implementering av reguleringane (Guiqiaolian 2008a, Landinfos omsetjing).

Denne forskrifta gjeld for ”familieplanleggingskomitéane i alle provinsar, autonome regionar og byar på provinsnivå, samt einingar som Xinjiang Production and Construction Corps, hæren og det væpna politiet” (XPCC 2010).

Landinfo tolkar dette som at kinesiske utanlandsstudentar helst bør overhalde nasjonalt, og truleg òg regionalt, familieplanleggingslovverk medan dei oppheld seg i utlandet, men at dei ikkje skal verte utsette for sanksjonar om dei vender attende med eit barn som det ikkje var forskriftsmessig søkt om.

Kva gjeld personar på andre slags utanlandsopphald, seier organisasjonen som følgjer:

Korleis vil kinesiske borgarar som får barn medan dei er utanlands på reise, familiebesøk eller forretningar verte behandla?

Svar: Fødsel i utlandet av eit barn som er utanom plan (jihuwai), men som får utanlandsk statsborgarskap, og som foreldra ikkje tek med attende til Kina, vil i prisnippet ikkje verte straffa. Om dei derimot tek barnet med seg attende til Kina, vil saka verte handsama i samsvar med familieplanleggingsreglane. Om barnet skal bu i Kina, skal det telje med i hushaldet sitt totale barnetal (Guiqiaolian 2008d, Landinfos omsetjing).

For denne kategorien er antakeleg utanlandsopphaldet av kortvarig eller mellombels karakter. Dette skil seg frå personar som har budd i utlandet over lengre tid:

Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for heimvende utanlandskinesarar (guiqiao) og deira ektefeller (qiaojuan)?

Svar: Ifølgje Statsrådets kontor for saker som gjeld utanlandskinesarar og Den nasjonale befolknings- og familieplanleggingskomiteen sitt dokument "Nokre synspunkt på familieplanleggingsarbeidet overfor heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller", gjeld følgjande:

- 1) Det er ikkje tillate å få fleire barn for nyreturnerte som allereie har fått meir enn to barn anten i eller utanfor landet. Unntak kan gjerast for dei som er gravide på returtidspunktet.*
- 2) Ektepar der begge er heimvende utanlandskinesarar bør verte oppfordra til å berre få eitt barn. Par som etter å ha gjennomgått rådgjeving framleis ønsker eit barn nummer to, kan få løyve til dette, dersom det har gått mindre enn seks år sidan dei returnerte (Guiqiaolian 2008c, Landinfos omsetjing).*

Dokumentet nemner òg at eigne reglar gjeld i såkalla autonome minoritetsområde.

Ein definisjon på omgrepet "heimvend utanlandskinesar" (*guiguo huaqiao*, forkorta *guiqiao*) finst i "Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar og deira familiemedlemmar" (2000). Der står det (art. 2) at *guiqiao* er "utanlandskinesarar som har returnert til Kina for å busetje seg (*huiguo dingju de huaqiao*) og at ein "utanlandskinesar" (*huaqiao*) er ein "kinesisk statsborgar med fast bustad (*dingju*) i utlandet".

Ei førebels tolkning (*shixing jieshi*) utstedt av regjeringa sitt "Overseas Chinese Affairs Office" i 2005, men som tilsynelatande framleis er gyldig, gjer følgjande definisjonar av "fast bustad": 1) at ein kinesisk statsborgar har blitt innvilga langtids- eller permanent busetjingsløyve i utlandet, eller 2) kinesiske borgarar som ikkje har blitt innvilga eit slikt løyve, men som likevel har budd lovleg i utlandet i meir enn 5 år, skal telje som fast busette der. Som fast busette teljer *ikkje* utanlandsstudentar på studieopphald eller personar på tenestereise/tenesteopphald (Statsrådets kontor for saker som gjeld utanlandskinesarar 2005).

Kva gjeld "utanlandskinesarar sine familiemedlemmar" (*qiaojuan*), så nyttar Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar ein svært vid definisjon, som i

tillegg til ektefeller famnar både barn og foreldre samt svigerfamilie på begge sider. Dette er truleg likevel ikkje ein konstruktiv definisjon når det gjeld familieplanleggingslovverket, i og med at denne gjeld ektepar og deira barnefødsalar. Landinfo vel difor å omsetje *qiaojuan* med "ektefelle(r)".

3.4 RETURNERTE ASYLSØKARAR

Det er uklårt korleis heimvende tidlegare asylsøkarar som returnerer til Kina med barn fødte i asylsøkarperioden vert sett på. Det har ikkje latt seg gjere å finne påliteleg informasjon om dette, utover ein referanse hos ACCORD (2005, s. 16), som seier at "The consequences for asylum seekers repatriated to China who did not follow the One-Child-Policy, are different. Parents responsible for pregnancies or births without permission in China could face [...] difficulties [...]". Landinfo ser det likevel som sannsynleg at kinesiske styresmakter ikkje vil godta eit utanlandsopphald grunna asylsøknad som fritaksgrunn frå familieplanleggingslovane, både av politiske grunnar og fordi lovane som grunnprinsipp gjeld for alle borgarar som ikkje fell innunder eksplisitte unntak.

3.5 REGIONALE FØRESEGNAR

Det kanadiske Immigration and Refugee Board (IRB 2005) undersøkte i 2005 dei engelske omsetjingane av seks ulike provinsreguleringar for å freiste å kartlegge ulike reaksjonar mot kinesiske borgarar som returnerer med barn fødte i utlandet. Dei fann at tre av føresegnene ikkje inneheld særskilde reglar for fødsalar utanlands (Guangdong, Zhejiang and Beijing), medan dei tre andre hadde særskilde reglar som i visse tilfelle tillét heimvende utanlandskinesarar å få eit barn nummer to (Henan, Hunan and Fujian).

Landinfo har sett nærare på dei kinesiskspråklege utgåvene av desse lovtekstane. Forskriftene i Guangdong (2002), Zhejiang (2007) og Beijing (2003) seier i hovudsak at dei same reglane gjeld for deira innbyggjarar, anten dei er busette i eller utanfor Kina *med mindre* noko anna er fastsett i nasjonal lov.

Det framgår samstundes ikkje kva for nasjonale lover desse føresegnene viser til. Men truleg er òg andre normative dokument utstedt av einingar på nasjonalt nivå sidestilt med nasjonal lov i denne samanhengen. Såleis vil dei to dokumenta som vert nemnt av Guqiaolian (sjå del 3.3), Forskrift om utanlandsstudentars fertilitet og Nokre synspunkt på familieplanleggingsarbeidet overfor heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller, samt den nasjonale lova om familieplanlegging, vere sentrale for tolkinga av regionale føresegnar som berre viser til nasjonalt lovverk.

Forstått på denne måten, kan utanlandskinesarar eller -studentar frå Guangdong, Zhejiang og Beijing kome heim med eit barn utanom kvote utan å verte straffa, mens borgarar som til dømes har vore på forretningsreise eller har vitja slektningar ikkje er unntatte familieplanleggingsreglane.

I dei tre reguleringane kor kanadiske IRB fann at eksplisitt skilte mellom heime- og uteboande, var kriteria for å få eit barn nummer to anten at ekteparet er heimvende utanlandskinesarar (*guiguo huaqiao*) og berre har eitt barn frå før (Henan- og Hunan-forskriftene), eventuelt òg om kvinna allereie var gravid på heimflyttetidpunktet eller om dei barna ekteparet allereie måtte ha bur fast i utlandet og dei ikkje har nokre barn i Kina (Fujian-forskrifta 2002).

Temanotat **Kina: Familieplanleggingspolitikken og kinesiske borgarar som får barn i utlandet**

Under desse provinsforskriftene igjen, kjem så lokale implementeringsplanar og -direktiv, som òg kan variere i form og innhald.

4. BARN FØDDE I HONG KONG

Eit stadig aukande tal gravide kvinner frå fastlands-Kina reiser til Hong Kong for å føde barna sine der. Ifølgje He & Yau (2010) gjer dei dette for å “escape the mainland’s one-child policy and to secure a Hong Kong passport for their children”. Men barna dei føder, fell mellom to stolar: Dei får ”utanlandsk statsborgarskap” (lokal innbyggerstatus, *permanent residency*) i Hong Kong, men foreldra tek dei med attende til fastlandet for at dei skal bu og vekse opp der.

”Problema tek til når kvinnene [som har fødd i Hong Kong] kjem heim att. Lova som famnar reiser til Hong Kong for å føde, er ei gråsone. Etter fastlandskinesisk lov, er barna deira for Hong Kong-borgarar å reikne, og såleis ekskludert frå alle velferdsordningar og utdanningsgoder”, skriv He & Yau (2010). Fenomenet med Hong Kong-fødte barn er aukande, og familieplanleggingsmaktene i Guangdong har no byrja bøteleggje kvinner som kjem attende etter å ha fødd i Hong Kong (South China Morning Post 2012). Ifølgje South China Morning Post opplyser styresmaktene i Guangdong på nettsidene sine at folk som har brote med forskriftene vil kunne verte bøtelagde med opp til seks gonger gjennomsnittsinntekta i heimbyen sin.

5. OPPSUMMERING

Familieplanleggingspolitikken i Kina seier at alle ektepar i utgangspunktet skal ha berre eitt barn. Det finst likevel fleire unntak frå denne regelen. Dei som får eit barn nummer to (eller tre) utan å ha søkt om – og fått innvilga – løyve til dette, vil verte ramma av i hovudsak økonomiske sanksjonar.

I utgangspunktet gjeld familieplanleggingslovverket òg for kinesiske borgarar som bur kortare eller lengre periodar i utlandet, men unntak anten i nasjonalt lovverk eller i regionale forskrifter gjer det mogleg for studentar og andre som har hatt fast bustad i utlandet over ei viss tid å vende attende med eventuelle barn fødte utanom kvote, utan å verte straffa for det.

Ettersom kvar eining på provinsnivå i Kina har laga sine egne forskrifter om familieplanlegging, er det regionale variasjonar i lovverket. Iverksetjinga av lovverket skjer lokalt og dette gir òg opphav til ulik praksis frå stad til stad. Personar som kjem attende til Kina med eit barn utanom kvote, og utan å ha vore utanlands på eit opphald som kvalifiserer til unntak frå familieplanleggingslovverket, vil falle innunder dei sanksjonane som er stipulerte i det regionale lovverket på staden der dei er hushaldsregistrerte.

Den vanlegaste straffereaksjonen er bøter, og desse kan vere svært høge – avhengig av både gjennomsnittleg og personleg inntekt, og om barnet er nummer to eller lengre ut i rekka. Når bota er betalt, skal barnet kunne verte registrert på normal måte og skal ikkje seinare verte forskjellsbehandla på noko vis, men også her har det skjedd overtramp.

Andre strengare sanksjonar, som konfiskering av eigedom eller tvungen sterilisering kan òg inntreffe, men ikkje i noko lovleg høve kan foreldra verte frateke barnet som straff om dei ikkje kan eller vil betale bota. Likevel skjer dette stundom. Ein bør alltid ha i mente at motstrid mellom lovtekst og iverksetjing er svært utbredt i kinesisk rett. Likeeins kan korrupsjon føre til både overtramp og til moglegheit til å betale seg ut av ein situasjon som elles vert straffa med sanksjonar.

6. KJELDEMATERIALE

Skriftlege kjelder

- ACCORD, dvs. Austrian Centre for Country of Origin and Asylum Research and Documentation (2006, 17. mars). *China: 10th European Country of Origin Information Seminar, Budapest*. Wien: ACCORD. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4451d8c64.html> [lasta ned 23. februar 2012]
- Amnesty International (2006, 22. mai). *Amnesty International Report 2006 – China*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/447ff7a238.html> [lasta ned 10. februar 2012]
- Bristow, Michael (2007, 21. september). Grey areas in China's one-child policy. *BBC News*. Tilgjengeleg frå <http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/7002201.stm> [lasta ned 25. januar 2012]
- Caixin Online (2011, 10. mai). In Hunan, family planning turns to plunder. *Caixin Online*. Tilgjengeleg frå http://english.caixin.com/2011-05-10/100257756_all.html [lasta ned 7. februar 2012]
- CECC, dvs. Congressional-Executive Commission on China (2010, 10. oktober). *Annual Report 2010*. Washington, DC: CECC. Tilgjengeleg frå <http://www.cecc.gov/pages/annualRpt/annualRpt10/CECCannRpt2010.pdf> [lasta ned 27. januar 2012]
- Center for Reproductive Rights (2011, 1. juli): *Women of the World: Laws and Policies Affecting their Reproductive Lives East and Southeast Asia*. New York: Center for Reproductive Rights. Tilgjengeleg frå <http://reproductiverights.org/sites/crr.civicactions.net/files/documents/China.pdf> [lasta ned 26. januar 2012]
- Committee on the Rights of the Child (2005, 24. november). *Concluding Observations: China (including Hong Kong and Macau Special Administrative Regions)*. Geneve: Committee on the Rights of the Child. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/45377eb80.html> [lasta ned 25. januar 2012]
- Economist (2011, 21. juli). Only and lonely. *Economist*. Tilgjengeleg frå <http://www.economist.com/node/18988926> [lasta ned 18. januar 2012]
- [Folkerepublikken Kinas grunnlov] (1982, 4. desember). *Zhonghua renmin gongheguo xianfa [Folkerepublikken Kinas grunnlov]*. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/gongbao/content/2004/content_62714.htm [lasta ned 22. februar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Beijing by] (2003, 1. september). *Beijing shi renkou yu jihua shengyu tiaolie [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Beijing by]*. Beijing: Folkekongressen i

Beijing by. Tilgjengeleg frå

<http://www.china.com.cn/chinese/zhuanti/jhsy/457899.htm> [lasta ned 25. januar 2012]

- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Fujian provins] (2002, 26. juli). *Fujian sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Fujian provins]. Fuzhou: Folkekongressen i Fujian provins. Tilgjengeleg frå http://www.jyxcw.com/ztl/bmhw/ztl_20080708113320.html [lasta ned 26. januar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Guangdong provins] (2002, 1. september). *Guangdong sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Guangdong provins]. Guangzhou: Folkekongressen i Guangdong provins. Tilgjengeleg frå <http://www.china.com.cn/chinese/PI-c/185529.htm> [lasta ned 25. januar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan provins] (2003, 1. januar). *Henan sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Henan provins]. Zhengzhou: Folkekongressen i Henan provins. Tilgjengeleg frå http://www.ha.xinhuanet.com/add/zfzx/2006-02/26/content_6326458.htm [lasta ned 25. januar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Hunan provins] (2007, 29. september). *Hunan sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Hunan provins]. Changde: Folkekongressen i Hunan provins. Tilgjengeleg frå <http://baike.baidu.com/view/1744787.htm> [lasta ned 26. januar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Shandong provins] (2002, 28. september). *Shandong sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Shandong provins]. Jinan: Folkekongressen i Shandong provins. Tilgjengeleg frå <http://www1.china.com.cn/chinese/zhuanti/jhsy/457801.htm> [lasta ned 25. januar 2012]
- [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Zhejiang provins] (2007, 28. september). *Zhejiang sheng renkou yu jihua shengyu tiaolie* [Forskrift om befolkning og familieplanlegging i Zhejiang provins]. Hangzhou: Folkekongressen i Zhejiang provins. Tilgjengeleg frå <http://www.tzrkjsw.gov.cn/ht/show.asp?id=1430> [lasta ned 25. januar 2012]
- Freedom House (2011). *Freedom in the World 2011. China*. Washington, DC: Freedom House. Tilgjengeleg frå <http://www.freedomhouse.org/report/freedom-world/2011/china> [lasta ned 6. februar 2012]
- Guiqiaolian, dvs. Quanguo Guiguo Huaqiao Lianhehui (2008a, 15. juli). *Guojia dui chuguo liuxue (gongpai, zifei) renyuan de shengyu wenti you he guiding?* [Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for utanlandsstudantar

- (stipendiatar og selvfinansierande)?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/qybz/2011-08-23/1314071124d4386.shtml> [lasta ned 12. januar 2012]
- Guiqiaolian (2008b, 15. juli). *Jijiang chujing dingju de funü huaiyun, shifou shou jihua shengyu zhengce yueshu?* [Vil ei gravid kvinne som er i ferd med å flytte ut av landet verte ramma av restriksjonane i familieplanleggingspolitikken?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/qybz/2011-08-23/1314071123d4371.shtml> [lasta ned 12. januar 2012]
 - Guiqiaolian (2008c, 15. juli). *Guojia dui guiqiao, qiaojuan de shengyu you shenme zhengce guiding?* [Kva for familieplanleggingsreglar gjeld for heimvende utanlandskinesarar og deira ektefeller?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/qybz/2011-08-23/1314071123d4373.shtml> [lasta ned 12. januar 2012]
 - Guiqiaolian (2008d, 15. juli). *Zhongguo gongmin zai chuguo lüyou, tanqin, chufang qijian shengyu zinü de, ruhe chuli?* [Korleis vil kinesiske borgarar som får barn medan dei er utanlands på reise, familiebesøk eller forretninger verte behandla?]. Beijing: Guiqiaolian. Tilgjengeleg frå <http://www.chinaql.org/qybz/2011-08-23/1314071123d4372.shtml> [lasta ned 12. januar 2012]
 - Guan, Xiaofeng (2007, 11. juli). Most people free to have more child. *China Daily*. Tilgjengeleg frå http://www2.chinadaily.com.cn/china/2007-07/11/content_5432238.htm [lasta ned 12. januar 2012]
 - He, Huifeng & Yau, Elaine (2010, 11. november). Born in HK but torn between two systems. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://topics.scmp.com/news/hk-news-watch/article/Born-in-HK-but-torn-between-two-systems> [lasta ned 18. januar 2012]
 - Home Office UK (2011, 24. august). *China. Country of Origin Information (COI) Report*. Croydon: Home Office UK. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/pdfid/4e5611032.pdf> [lasta ned 27. januar 2012]
 - IRB, dvs. Immigration and Refugee Board of Canada (2005, 25. august). *China: Penalties faced by couples returning from overseas who are in violation of family planning regulations (2001-2005)*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/440ed6dd2.html> [lasta ned 20. januar 2012]
 - IRB (2007, 26. juni). *China: Treatment of "illegal," or "black," children born outside the one-child family planning policy*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/46c403821f.html> [lasta ned 6. februar 2012]
 - IRB (2009, 29. januar). *China: Regulations on Family Planning of Liaoning Province; including exceptions to the one-child policy*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg frå <http://www.irb->

- cisr.gc.ca:8080/RIR_RDI/RIR_RDI.aspx?id=452198&l=e [lasta ned 25. januar 2012]
- Khan, Natasha (2011, 22. november): Longer maternity leave in China signals more women's rights. *Bloomberg*. Tilgjengeleg frå <http://www.bloomberg.com/news/2011-11-22/longer-maternity-leave-in-china-signals-more-women-s-rights-1-.html> [lasta ned 25. januar 2012]
 - [Law on Family Planning] (2002, 1. september). *Population and Family Planning Law of the People's Republic of China*. Beijing: National People's Congress of the People's Republic of China. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/english/laws/2005-10/11/content_75954.htm [lasta ned 12. januar 2012]
 - Library of Congress (2011, 4. april). *Children's Rights: China*. Washington, D.C.: Library of Congress. Tilgjengeleg frå <http://www.loc.gov/law/help/child-rights/china.php> [lasta ned 8. februar 2012]
 - [Lov om ekteskap] (2001, 28. april). *Zhonghua Renmin Gongheguo Hunyinfa* [Folkerepublikken Kinas ekteskapslov]. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå http://www.gov.cn/banshi/2005-08/21/content_25037.htm [lasta ned 7. februar 2012]
 - [Lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar] (2000, 31. oktober). *Zhonghua Renmin Gongheguo guiqiao qiaojuan quanyi baohu fa*. [Folkerepublikken Kinas lov om vern av rettane til heimvende utanlandskinesarar og deira familiemedlemmar]. Beijing: Den nasjonale folkekongressen i Folkerepublikken Kina. Tilgjengeleg frå <http://www.gqb.gov.cn/node2/node3/node5/node9/userobject7ai1272.html> [lasta ned 30. januar 2012].
 - Pan, Philip P. (2006, 8. juli). Chinese to prosecute peasant who resisted one-child policy. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/content/article/2006/07/07/AR2006070701510.html?sid=ST2010090903263> [lasta ned 2. februar 2012]
 - Refugee Documentation Centre Ireland (2010, 23. november). *China: Information relating to the arrests of Chinese nationals returning to China from a foreign country who have breached the one child policy while living in a foreign country*. Dublin: Refugee Documentation Centre Ireland. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4cf8d64d2.html> [lasta ned 25. januar 2012]
 - Refugee Review Tribunal Australia (2007a, 26. juni) *China: Treatment of "illegal," or "black," children born outside the one-child family planning policy*. Canberra: Refugee Review Tribunal Australia. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/46c403821f.html> [lasta ned 10. februar 2012]

- Refugee Review Tribunal Australia (2007b, 3. september). *China: A. How does the one-child policy apply to second children born overseas who have returned to China? B. How strictly is the one-child policy implemented in Shanghai? C. How are fines for breaching the one-child policy imposed? How much are these fines in Shanghai? D. Are children born additional to the one child policy in Shanghai denied household registration? E. Can unregistered children access education and medical services in Shanghai? F. Do you have any information on societal attitudes to black children? G. Please explain whether second children are denied any privileges accorded to only children? Which privileges are denied to second children in Shanghai?* Canberra: Refugee Review Tribunal Australia. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4b6fe18d2.html> [lasta ned 25. januar 2012]
 - Refugee Review Tribunal Australia (2009, 2. april): *China: 1. What is the birth control policy in Guangdong for females? Are women forced to have IUDs inserted? 2. What is the birth control policy in Guangdong for males? Are men forced to have vasectomies? 3. How much would a couple have to pay in Guangdong to register a second child? 4. Is it possible for the eldest son not to be registered at birth and the couple to pay a fine for his registration in order for him to receive free education?* Canberra: Refugee Review Tribunal Australia. Tilgjengeleg frå http://www.ecoi.net/file_upload/2107_1311778466_chn34621.pdf [lasta ned 25. januar 2012]
 - South China Morning Post (2012, 7. februar). Mainland mothers fined for HK-born second child. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <http://www.scmp.com/portal/site/SCMP/menuitem.2af62ecb329d3d7733492d9253a0a0a0/?vgnnextoid=1527312c47655310VgnVCM100000360a0a0aRCRD&ss=China&xs=News> [lasta ned 7. februar 2012]
- (Betalingssteneste)
- Statsrådets kontor for saker som gjeld utenlandskinesarar (2005, 8. november). *Guowuyuan qiaowu bangongshi guanyu yinfa "Guanyu dui huaqiao dingyizhong 'dingju' de jieshi (shixing)" de tongzhi [Kunngjering om Statsrådets kontor for saker som gjeld utenlandskinesarar si publisering av "Tolkning av 'fast bustad' kva gjeld utanlandskinesarar (førebelers)"]*. Beijing: Statsrådets kontor for saker som gjeld utenlandskinesarar. Tilgjengeleg frå http://www.tzwqb.gov.cn/zwgk_show.asp?id=19 [lasta ned 23. februar 2012]
 - U.S. Department of State (2011, 8. april). *2010 Human Rights Report: China (includes Tibet, Hong Kong, and Macau)*. Washington, DC: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/2010/eap/154382.htm> [lasta ned 26. januar 2012]
 - Wang, Hongyi (2009a, 24. juli). Shanghai encourages qualified couples to have second child. *China Daily*. Tilgjengeleg frå

http://www.chinadaily.com.cn/cndy/2009-07/24/content_8466577.htm [lasta ned 22. februar 2012]

- Wang, Jingqiong (2009b, 3. juli). SW China: Baby girls taken and sold for adoption. *China Daily*. Tilgjengeleg frå http://www.chinadaily.com.cn/china/2009-07/03/content_8350825.htm [lasta ned 7. februar 2012]
- Watts, Jonathan (2011, 25. oktober). China's one-child policy means benefits for parents – if they follow the rules. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.guardian.co.uk/environment/2011/oct/25/china-one-child-policy-benefits-rules> [lasta ned 26. januar 2012]
- Xinjiang Production and Construction Corps (2010, 11. mai). *Guojia Jishengwei guanyu yinfa "Chuguo liuxue renyuan shengyu wenti guiding" de tongzhi*. [Kunngjering frå Den nasjonale familieplanleggingskomiteen vedrørende publikasjonen av 'Familieplanleggingsregler for utanlandsstudentar']. Urumqi: Xinjiang Production and Construction Corps. Tilgjengeleg frå <http://www.xjbt.gov.cn/publish/portal0/tab249/info64528.htm> [lasta ned 18. januar 2012]